

Svar fra KrF

Biologisk mangfald

1. Kva syn har partiet på biologisk mangfald og den ”utrydding” som skjer?

Svar: Naturen må forvaltast slik at vi bevarar det biologiske mangfaldet.

Vi må sikre gode verneplanar og hindre luft- og vassforureining og andre inngrep som kan redusere den biologiske rikdomen i verda. Noreg har ein variert og rik natur, med ei mengde ulike landskapstypar, planter og dyr.

Den rikdommen vi finn innanfor dei norske grensene må ha eit sterkt vern.

Regnskogane i verda har behov for eit mykje sterkare vern dersom vi skal klare å bevare dei enorme oppdaga og uoppdaga plante- og dyreartane i desse områda.

Ein av dei største truslane mot biologisk mangfald i Noreg er nedbygging av viktige område. Arealpolitikken, både den som utførast av kommunane som av staten, må ta omsyn til konsekvensar for det biologiske mangfaldet. KrF vil stadig halde eit høgt tempo i verneplanarbeidet for å sikre truga og sårbare artar og naturtypar.

2. Kva meiner ditt parti er det beste verkemiddel for å sikre det biologiske mangfaldet i Noreg?

Svar: God arealplanlegging, oppretting av ulike verneområder, sterkare vekt på bærekraftig bruk, og oppretthalde kulturlandskapet.

3. Korleis stiller partiet seg til vern av rovdyr?

Svar: Dei fire store rovdyrartane bjørn, ulv, jerv og gaupe må forvaltast slik at Noreg tek sin del av ansvaret for å sikre levedyktige bestandar av desse. Rovdyrforvaltninga må basere seg på skandinavisk bestandsvurdering og det vi har forplikta oss på internasjonalt, med regional og lokal forvaltning. Grenseområda mot Sverige vil på bakgrunn av dette ha hyppigare førekomst av desse rovdyrartane. KrF finn dette riktig i norsk bestandsforvaltning. Rovdyrforvaltninga må basere seg på lokal kompetanse, kunnskap om åtferda og levemønsteret til dyra, men det må takast på alvor at folk kjenner seg utrygge i enkelte område. Midla til førebyggjande og konfliktdempande tiltak bør aukast. Bønder som lir husdyrtap på grunn av store rovdyr må få gode erstatningsordningar, og det må gjennomførast omstillingstiltak i landbruket til andre driftsformer i dei mest rovdyrutsette områda.

4. Korleis meiner partiet av vi best kan ta vare på villreinen sin eksistens?

Svar: Vi må verne om villreinen sine områder mot inngrep og fortrenging.

Vassdrag og kystsona

1. Korleis stiller ditt parti seg til inngrep i natur-/friluftsområde med tanke på vindmøller – steinbrot – små/mini/mikrokraftverk?

Svar: KrF er positiv til å opprette vindmølleparkar for å få meir fornybar energi i det norske kraftsystemet, men ønskjer ikkje vindmølle på kvar topp. Når det gjeld steinbrot og utbygging av små/mini/mikrokraftverk må desse få ei utforming som er tilpassa naturen. KrF ønskjer fleire små kraftverk.

2. Korleis stiller ditt parti seg til vern av laksefjordar og Noreg sitt internasjonale ansvar?

Svar: KrF er enig i at vi har nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjordar. Vi har i Stortinget støtta vedtak om dette seinest våren 2007. Noreg har eit særskild ansvar for å verne om villaksen i nord-atlanteren.

3. Korleis stiller ditt parti seg til oppdrettsnæringa generelt og viljen til å satse på oppdrett av nye arter?

Svar: Oppdrettsnæringa er ei viktig kystnæring som gir store inntekter til Noreg. Gjennom konsesjonspolitikken kan vi utvikle ei bærekraftig og lønsam næring. Det er viktig at næringa får bruke areal på kysten, men det må stillast krav om miljøvenleg plassering av oppdrettsanlegga. Vi må hindre rømming, og spreing av lakselus og fiskesjukdomar.

4. Korleis stiller ditt parti seg til bygging og bruk av 100-metersbeltet?

Svar: Retten til allmenn ferdsel i utmark, er viktig å ta vare på. Den fremmar friluftsliv og fysisk aktivitet og er med på å styrke kjærleiken til og ansvarskjensla for naturen hjå folk flest. Strandsona må også sikrast for allmenn bruk, og 100-meters-regelen må handhevast. I delar av landet, der tilgang til strandsona ikkje er eit knapt gode, er KrF innstilt på å gå inn for ein meir fleksibel praksis over ein periode.

Motorisert ferdsel

1. Kva tiltak kan de tenkje for å få redusert konflikten mellom motorisert ferdsel og omsynet til natur og tradisjonelt friluftsliv?

Svar: KrF vil ha strenge reglar for motorisert ferdsel i skog og utmark. Nokre område må ha vern mot motorisert ferdsel, mens det i andre område kan åpnast for etablering av løypenett.

2. Korleis stiller ditt parti seg til bruk av motoriserte kjøretøy som snøskuter og 4-hjulingar i natur- og friluftsområdar?

Svar: KrF vil vera varsame med å opne for slike i natur og friluftsområde som har verneverdiar, men kan vurdere løypetrasear i einskilde område.

Friluftsliv

1. Korleis stiller ditt parti seg til å halde oppe/auke bevilling friluftsliv gjennom midlar på statsbudsjettet kapitel 1427 post 74 – stimulering og motivering.

Svar: KrF vil støtte ei auking av midlane på denne budsjettposten

2. Korleis ser ditt parti Allmannaretten og retten til fri(gratis) ferdsel? Friluftsløven 50 år –28.06.07.

Svar: Allmenn og fri ferdsel i naturen er eit viktig prinsipp i verne om i lovgivinga. KrF støttar prinsippa i friluftsløven.

3. Friluftsliv for alle – korleis vurderer ditt parti verdien av – satsinga på friluftsliv i eit folkehelseperspektiv?

Svar: I ei tid kor auka vekt blir eit problem for stadig fleire personar, og i ei tid kor mange sit roleg store delar av dagen, blir det ei stor folkehelseutfordring å leggje til rette for auka fysisk aktivitet. Dette handlar om vanar - både for unge og gamle. Kunnskap om friluftsliv, motivering til bruk av naturen, og god tilrettelegging vil vera viktige element saman med tiltak knytta til skule og arbeid.